

Årsmelding for 2017

Styret valt på årsmøtet 26.02.17

Knut O. Dale, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemar:
Harry Solberg (ikkje på val)	1: Ingvild Jøsendal (vald for eitt år)
Harald Jordal (vald for 2 år)	2: Tor Henrik Mannsåker (vald for eitt år)
Solveig Grønlien (ikkje på val)	3: Marit Bleie Mannsåker (vald for eitt år)
Håkon Tverdal (vald for 2 år)	Valnemnd: Øystein Kambestad (leiar), Ingebjørg Sekse og Olav Tveita

Styret konstituerte seg med Harry Solberg som nestleiar og Marit Bleie Mannsåker som kasserar. Harald Jordal er skrivar. I 2017 hadde styret 11 møte. Terje Kollbotn, medlem av språkdelingsgruppa i Odda kommune, har delteke på nokre styremøte.

Før styremøtet 27.03 deltok Johannes H. Sekse, Borghild Grønsnes og Liva Thiis. På dagsorden stod målbruken på Odda vidaregåande skule.

På styremøtet 16.10.17 deltok Johannes H. Sekse (Ullensvang Mållag), Agnes Hauge (Jondal Mållag) og Harald Prestegard (Jondal Mållag). Der var m.a. nynorsken sin plass i den nye storkommunen kring Folgefonna tema.

Medlemstalet:

Medlemstalet i 2017 var på 149; dette er ein framgang på 4 frå 2016.

Tilskipingar:

Ope møte etter årsmøtet 26.02.17:

Tema: Nynorsken sin plass i «Nye» Ullensvang kommune, det nye heradet samansett av Jondal kommune, Ullensvang herad og Odda kommune. Innleiarar: Ordførar Jon Larsgard i Jondal og ordførar Solfrid Borge i Ullensvang. Odda-ordførar Roald Aga Haug var invitert, men hadde ikkje høve til å møta. Rådmannen i Odda, Ole Jørgen Jondahl, leidde møtet. Dette var eit fellesmøte for mållag i Jondal, Ullensvang og Odda.

Kulturkveld i Ungdomshallen 26.11.17:

Odda i manns minne vart presentert. Bidragsytarane fekk påskjøning. Program elles: musikk og allsong, tippetevling «12 rett om Odda-historia» med bilete frå NVIM, utlodding av bøker og boksal.

Arbeidet med å berga språkdelinga på Odda ungdomsskole:

Ein samrøystes Utdanningskomité fekk Stortinget med seg og vedtok 22.11.16 følgjande:

«Stortinget ber regjeringa utreie ei endring av opplæringslova § 2-5 og andre moglege tiltak som kan sikra elevar på ungdomsskulen rett til opplæring på hovudmålet og rett til å høyra til ei eiga målformgruppe, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.»

Departementet sende saka til Utdanningsdirektoratet, som så sende saka ut på høyring i språkdelte kommunar. Odda kommune leverte denne fråsegna:

Odda kommune
5750 ODDA

Dykkar ref.	Arkivsakid- doknr:	2017000166 -33	Saksh:	Harald Jordal	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	2017018347	Telefon:	53 65 40 23	033		14.11.2017

Utdanningsdirektoratet
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO

Retten til å tilhøyrja eiga målformgruppe på ungdomssteget på same måte som for barnesteget. Odda kommune sin posisjon, kostnader og finansiering.

Supplerande svar til elektronisk undersøking:

Odda kommune har praktisert språkdeling i Odda skulekrins sidan 1914. Den fungerer slik at foreldra kan velja om dei vil skriva borna inn i bokmål eller nynorsk, og at det vert oppretta klassar deretter som går ut heile grunnskuleløpet. Då ordning vart innført, var Odda den første kommunen som tok eit permanent parallellklasser-system i bruk. Før det kunne etablerast trøngst det dispensasjon frå gjeldande lovverk: noko vi fekk, men vi fekk og ros av dåverande kyrkje og undervisningsminister Jørgen Løvland for å innføra ei framtidretta ordning for språkdelte område.

Odda/ Tyssedal hadde sidan 1906 opplevd massiv vasskraftutbygging og industrireising med fleirdobling av folketalet på få år, og der kravet om språkbyte frå landsmål til riksmål i skulen var eit sentralt stridsemne. Permanent tilbod om parallellklassar i Odda krins var Odda kommunesitt sitt svar på ein opprivande språkstrid.

Då ungdomsskulen vart oppretta nasjonalt, utvida Odda kommune systemet med permanent tilbod om parallellklassar på barnesteget i Odda krins seg til ungdomssteget utan politisk debatt. Kommunestyret la til grunn at slik måtte det vera – og slik vart det.

Odda ungdomsskole tok då - som no - imot elevar frå Skare skulekrins som er nynorskkrens og Tyssedal skole som er ein bokmålskrins. Det fungerte slik at elevane frå Tyssedal går inn i bokmålsklassane og skareelevane går i nynorskklassane på ungdomsskulen.

Odda-modellen er ei fullskala parallellklasseordning på ungdomssteget for krinsane Odda, Tyssedal og Skare og ei fullskala parallellklasseordning for Odda krins på barnesteget.

Rådmannen i Odda har ved fleire høve - av økonomiske årsaker - føreslege å leggja ned Odda-modellen på ungdomsskulen i Odda, noko kommunestyret avviste 2 gonger i budsjettdebatten (2013 og 2014), men ikkje den tredje i 2015, då kampen det året stod om nedlegging av Tyssedal skole, som og var føreslege av rådmannen. Striden for å finna midlar til vidare skuledrift i Tyssedal resulterte m.a. i at Odda-modellen ikkje vart vidareført, men vart avvikla på ungdomsskulen for nye årskull frå og med hausten 2016. Det medførte at det var innspart ein klasse.

Hausten 2017 vart Odda-modellen innført att på Odda ungdomsskole, men då ikkje ved nytt politisk vedtak, men av pedagogiske årsaker –då fordelinga av elevmassen er slik at det uansett ville bli 3 klassar på Odda ungdomsskole både med og utan språkdeling.

Oppsummert :

Odda kommune har svært gode pedagogiske og faglege røymsler med å praktisera språkdeling på ungdomsskulen når det gjeld læremiljøet i klassane. Lærarane sin respekt for dei målvala som elevane har teke styrkje og skulemiljøet og elevkompetansen. Såleis er språkskifte i skuleløpet nesten ukjent i Odda, i motsetnad til mange andre stader i landet. **Vi legg til grunn at skuleverket si primære oppgåve er å gjera elevane til støe og trygge språkbrukarar på den målforma som dei har valt.**

Odda kommunestyre har etablert eit tverrpolitisk utval som er leia av ordførar som skal arbeida for at Odda-modellen vert landsdekkjande for dei som treng han.

Odda Mållag

Odda kommune viser til Stortinget si bestilling til Kunnskapsdepartementet i form av eit såkalla dokument 8 vedtak og til Utdanningsdirektoratet si spørjeundersking til kommunane.

Odda kommune meiner at det viktigaste no er ;

Opplæringslova § 2 – 5 fjerde ledd vert endra slik at den gjeld heile grunnskulen.

Staten innfører refusjon for meirkostnadene for dei kommunane som tek i bruk språkdeling / parallellklassar/ målformgrupper på ungdomssteget i ein eller fleire skulekrinsar etter krav frå foreldre/ føresette i samsvar med opplæringslova eller etter vedtak av kommunestyret.

For Odda kommune utgjer språkdelinga på ungdomssteget ein estimert snittkostnad på ca.1.5 mill. pr. år å oppretthalda Odda-modellen på Odda ungdomsskole (3 årskull) alt etter kor språkfordelinga på elevane er. Vi har då lagt til grunna at 2 av 3 år vert det utløynt ein ekstra klasse. For dei som starta i haust er meirkostnadane for skuleløpet på ungdomsskulen kr 0.- Kullet som starta i fjor ca. ca 980.000 pr. år.

Det hadde og vore svært ønskjeleg om det vart sett i gang eit forskingsprosjekt på Odda-modellen som pedagogisk verkemiddel i klassemiljøet og som middel til at nynorskelevane vert trygge og kompetente språkbrukarar i det skriftmålet dei har valt som hovudmål.

- Odda kommune tilrår sterkt at lovverket legg til grunn at det skal innførast eigne målformgrupper på ungdomssteget der det er grunnlag for det – dvs. jamstilling med barnesteget
- Odda kommune har praktisert denne ordninga som eit fast system så lenge det har vore ungdomsskule i landet og har gode røynsler med ordninga, og fram til skuleåret 2016/17 teke dei kostnadane dette har medført

Venleg helsing

Roald Aga Haug
Ordførar

Harald Jordal
kommunesekretær

Nynorsk er og bynorsk !

Innan 31.12.17 skulle Utdanningsdirektoratet koma med ei innstilling. Men i slutten av januar månad har Utdanningsdirektoratet enno ikkje kome med noka utgreiing.

Vervetiltak:

25. oktober hadde Odda Mållag ei større lysing i Hardanger Folkeblad. Sju unge mållagskvinner oppmoda folk om å melda seg inn i mållaget. Desse var Ingebjørg Nondal, Gry Folkvord, Åse Røgenes, Astrid Alfredsen, Eirun Flaten Sandvin, Kristin Walle og Liva Thiis.



VI ER MED I MÅLLAGET

Kanskje du og skal tenkja på å melda deg inn?

Vi synest alle at det er flott at mållaget arbeider aktivt for språkdeling på ungdomsskulen.

Strålende om du og melder deg inn i mållaget!

Medlemskap for 2017 og 2018 kostar 200 kr.
Send NYNORSK til 2490 (SMS-melding),
e-post til nm@nm.no eller ring 230 02 930.

Namna på kvinnene frå venstre er: Gry Folkvord, Åse Røgenes, Eirun Flaten Sandvin, Liva Thiis, Kristin Walle, Astrid Alfredsen og Ingebjørg Nondal.

Målprisen 2016:

Kollegiet på Odda ungdomsskole fekk Målprisen for 2016. Prisen vart utdelt på kulturkvelden 26.11.17 og er eit trykk av Solfrid Aksnes. På vegner av kollegiet tok rektor på ungdomsskolen, Sven Olaf Brekke, imot prisen.

Prisen vart tildelt med denne grunngjevinga:

I Odda er det svært få nynorskelevar som byter hovudmål. I grunnskulen er det ingen som byter. I landsmålestokk byter halvparten av nynorskelevane hovudmål, og i somme område, som Rogaland og Valdres, er målbytet endå større. Ja, jamvel i grunnskulen er det mange stader eit stort målbyte: I Telemark fell prosenten av nynorskelevar med 8 prosent – frå 17 prosent til 9 prosent – berre i grunnskulen, og målbytet held fram i den vidaregåande skulen, slik at det berre er 6 prosent som har nynorsk når dei går ut av den vidaregåande skulen.

Skuleåret 2016/17 er det ingen Odda-elevar som har skifta skriftspråk blant avgangselevane på studiespesialiserande studieretning. Desse elevane har altså hatt nynorsk som opplærings- eller hovudmål alle dei 13 åra dei har gått på skule, frå dei var 6 år til dei no er 19 år gamle.

På Odda ungdomsskole har elevane i alle år fram til skuleåret 2016/17 gått i språkdelt klassar på ungdomssteget. Denne språkdelinga har lærarane fylgt opp i praksis. Dei har vore lojale mot det språkvalet som foreldra gjorde då borna var 5 år gamle. Denne ordninga – Oddamodellen – er eit pedagogisk gode både for bokmåls- og nynorskelevane. Og ikkje minst fører det til at elevane vert glade i hovudmålet sitt.

For denne lojaliteten overfor språkvalet til foreldra, og for den eineståande viljen til å gje nynorskelevane gode vekstvilkår slik at dei vert trygge og kompetente nynorskbrukarar, får kollegiet på Odda ungdomsskole Målprisen for 2016, trykket «Bokstavflygarar» av Solfrid Aksnes.

Gåver, tilskot og andre påskjøningar:

Kathrine Tranøy fekk Mållagsprisen for dugande nynorskelev på Odda vidaregåande skule. Prisen er på 2 500 kr. Til Radio Folgefonn løyvde styret 1 000 kr. Norsk lærarane på Odda vidaregåande skule – sju i talet – fekk Rommetveit-boka *Med andre ord* og Vethe-boka. I tillegg fekk Astrid Alfredsen, mållagsmedlem, realfagslærer og nynorskbrukar frå Haugesund, boka. Odda Mållag løyvde 10 000 kr til skivarstillinga i Hordaland Mållag.

Takkebrev til Odda Mållag

På vegner av norskseksjonen ved Odda vidaregåande skule. vil eg rette ei stor takk til Odda mållag for dei flotte bøkene alle norsk lærarane ved skulen har fått av dykk. Vi er svært takksame for å ha fått kvar våre eksemplar av stadnamnoversikta *Vandring i gammal og ny tid* av Norvald Vethe og ordboka *Med andre ord* av Magne Rommetveit. Dette var ei flott gåve som eg er sikker på at vi kjem til å ha stor glede av.

Med venleg helsing Ingebjørg E. Nondal, seksjonsleiar i norsk ved Odda vidaregåande skule

Odda i manns minne:

I skriftstyret: Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Opplaget var på 1100 bøker, og storparten av bøkene er selde. Harry Solberg la ned eit stort arbeid med organiseringa av salet. Og elles er det han som er primus motor attom utgjevinga av boka: med innsamling av stoff, biletstoff, redigering m.m.

Odda Mållag på Røldalsmarknaden 23.–25. juni:

Solveig Grønlien var til stades og selde nynorskbøker og nynorskeffektar frå båsen til Odda Mållag. Med sitt gode, blide og vinnande vesen fremja ho målsaka i møte med marknadsfolket.

Sørfjorden Målungdom:

I styret sit Liva Thiis – leiar, Eirun Flaten Sandvin og Eivind Øyre Trones. Laget har no 15 medlemmar.

På valmøtet i Bergen 18.08 hadde Liva Thiis innleiing. Det var eit strålende innlegg, og som den einaste av innleiarane fekk ho øtrampeklapp.

Nynorsk i skulen:

Odda Mållag gjorde opptaket til to samlingar i Bergen høvesvis laurdag 20.05.17 og tysdag 22.08.17.

Den eine samlinga tok føre seg nynorsken si framtid i Hordaland, og den andre var eit møte framfor stortingsvalet.

Storparten av arbeidet med desse sær relevante og viktige møta var gjort av Odda Mållag.

Prosjektmedarbeidaren til Hordaland Mållag, Live Havro Bjørnstad, hadde ikkje høve til å delta på samlinga 20.05.17.

Programmet for tilskipinga 20.05.17 ligg på heimesida til Odda Mållag <http://odda-mallag.no/nnis/>

Valmøte 22.08.17, Litteraturhuset i Bergen:

Hovudtema: Nynorsken sin status som jamstelt skriftspråk i Noreg, med fokus på sidemålsstilen, Odda-modellen (språkdelte ungdomsskular) og lovfesting av læremiddel på nynorsk for innvandrarar.

Innleiarar:

Direktør i Språkrådet, Åse Wetås: Sidemålsstilen, ein føresetnad for språkleg jamstilling. 15 minutt

Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn: Målkrava framfor stortingsvalet. 15 minutt

Ordførar i Fjaler, Gunhild Berge Stang: Kvifor er sidemålsstilen så viktig for ein nynorsk kommune? 10 minutt.

Doktorgradskandidat Helga Mannsåker: Trygge nynorskbrukarar i språkdelte ungdomsskular. 10 minutt.

Leiar i Sørfjorden Målungdom, Liva Thiis: Språkdelte ungdomsskular frå ein elevsynsstad. 10 minutt.

Deltakarar i panelet:

Leif Sande: 5. kandidat for AP

Liv Kari Eskeland: 6. kandidat for Høgre og medlem i styret i Språkrådet

Torkild Åmland: 3. kandidat for FrP og statssekretær

Terje Brevik: stortingsrepresentant og 1. kandidat for Venstre

Gunvor Sønnesyn: 7. kandidat for KrF

Kjersti Toppe: stortingsrepresentant og 1. kandidat for SP

Anna Sofie Ekeland Valvatne: 4. kandidat for SV

Terje Kollbotn: 2. kandidat for Raudt

Øyvind Strømmen: 5. kandidat for MDG

Møteleiar: Vigleik Brekke, informasjonsrådgjevar i Fjell kommune

Med på møtet var òg ordføraren i Odda, Roald Aga Haug. Han sa at grunnen til at Odda kommune hadde skrota språkdelinga, var at dei heldt oppe barneskulen i Tyssedal. Gunhild Berge Stang hadde ikkje høve til å delta, men Terje Brevik framførde innleiinga hennar.

Ulike lesarinnlegg:

Dette lesarinnlegget sende Knut O. Dale til Dag og Tid framfor stortingsvalet:

KVA MEINER HØGRE OM SIDEMÅLSSTILEN?

Spørsmål til partileiar og statsminister Erna Solberg.

Politikarane i alle parti er samde om at norsk er eit basisfag i skulen. I ein slik samanheng er det underleg at Høgre vil redusera talet på standpunktkarakterar i faget frå tre til to.

Fram til og med 2008 vart alle avgangselevane prøvde i både hovudmål og sidemål til eksamen. I dag er det slik at avgangselevane for dei som vel studiespesialiserande utdanningsprogram, får tre standpunktkarakterar – karakter i munnleg, i hovudmål og i sidemål. Vidare er det slik at krava er dei same på begge skriftspråka, men til sidemålseksamen er det berre ein del av elevane som vert trekte ut.

Høgrefolk er opptekne av kvalitet i skulen. Det er flott, men det er ikkje flott at Høgre vil tona ned det viktige norskfaget. Frå ein nynorsksynsstad er det særers uheldig at elevane ikkje skal få karakterar i sidemål på vitnemålet.

I programmet til Høgre står det: *Høgre vil avvikla ordninga med eigen karakter og eksamen i sidemål på ungdomskulen og i den vidaregåande skulen.*

Med formuleringa om sidemålet/sidemålsstilen, gjer Høgre norskfaget mindre viktig enn t.d. engelskfaget. Timetalet over tre år er om lag det same som i norsk - i norsk er timetalet 14 medan i engelsk er det samla timetalet 15. I engelsk får likevel elevane som har faget i tre år, heile fire standpunktkarakterar.

Nynorsk og bokmål er kvalitativt ulike skriftspråk, og ikkje to ulike målformer: I ordval, formverk og setningsbygnad er nynorsk og bokmål ulike. I eit slikt perspektiv må elevane prøvast i begge skriftspråka til eksamen, og ut frå eit jamstillingsperspektiv må krava i dei elevproduserte tekstane, høvesvis hovudmåls- og sidemålsstilen, vera dei same.

På valmøtet, om språksituasjonen i Noreg 21.08. 17, tolka stortingskandidat Liv Kari Eskeland programformuleringa slik: Høgre vil ikkje ta bort sidemålsstilen, men sidemålsstilen skal verta ein del av karaktergrunnlaget når standpunkt- og eksamenskarakteren skal fastsetjast.

Spørsmåla mine til Erna Solberg vert difor:

1. Korleis tolkar du programformuleringa om sidemålsstilen i partiprogrammet?
2. Korleis skal programmet gjennomførast: Skal det vera slik at avgangselevane skal skriva halvparten av tekstproduksjonen under eksamen på nynorsk og halvparten på bokmål? Skal krava til kompetanse vera dei same på dei to tekstdelane?
3. Vil ikkje det beste vera at ordninga som galdt fram til 2008 med to jamstelte eksamensstilar, kom tilbake?

Knut O. Dale, Odda

I ein e-post om innlegget skreiv professor Gunnar Skirbekk:

Dato 30.08.2017 19:59

Takk for teksten. Den var god! Informativ og klar.

Dag og Tid tok ikkje inn lesarinnlegget. Då kan me spørja om Dag og Tid sagnar av den greina bladet sit på.

I Norsk Tidend nr. 5 2017 hadde Odda Mållag dette lesarinnlegget:

Noregs Mållag treng eit nytt skule- og norskfagprogram.

På målsamlinga i Trondheim 23.09.17 sa nestleiareren i Noregs Mållag Jens Kihl at norskfagprogrammet, vedteke på landsmøtet i Noregs Mållag i 2011, framleis er gjeldande språkpolitikk. Han sa og at styret i Noregs Mållag ikkje har planar om å vedta eit nytt norskfagprogram.

Programmet frå 2011 har m.a. denne ordlyden: *Vurderinga må vera gjennom eigen standpunktkarakter eller obligatorisk eksamen, eller helst både delar.*

Utdanningsdirektoratet gjekk i 2012 inn for å ta bort sidemålsstilen, og me trur ikkje det var heilt tilfeldig for langt på veg gav landsmøtevedtaket i Noregs Mållag direktoratet ryggdekning for å koma med eit slikt framlegg.

Synspunktet frå landsmøtet i 2011 kom seinast til uttrykk i brevet Noregs Mållag sende til dei politiske partia i juni 2016. Sjølv om leiinga vart oppmoda om å trekkje brevet tilbake, vart det ikkje gjort.

Og særers uheldig var det at eit slikt brev vart sendt ut til partia før programarbeidet framfor stortingsvalet i 2017 starta.

Landsmøta i 2013, 2014 og 2016 oppheva indirekte med ulike vedtak dette punktet, men sidan norskfagprogrammet frå 2011 framleis gjeld, kunne leiinga i Noregs Mållag senda eit brev til dei politiske partia der dei gav grønt ljøs for å ta bort den skriftlege sidemåls-eksamen.

Odda Mållag

På landsmøtet til våren må difor Noregs Mållag vedta eit nytt skule- og norskfagprogram. Vidare må eit punkt om språkdelte ungdomskular koma inn i programmet til Noregs Mållag.

Dette må sjølvstøtt verta ei eiga sak på landsmøtet i 2018. Det gjer Odda Mållag framlegg om!

For styret i Odda Mållag

samla i møte 30.oktober 2017 og samrøystes vedteke

Knut O. Dale

Harald Jordal

leiar

skrivar

Utendingar på møte og tilskipingar:

På vintersamlinga til Noregs Mållag på Bryne 11. og 12. februar 2017 deltok Kristin Walle og Knut O. Dale. Frå Hordaland Mållag var Solveig Grønlien utending.

På årsmøtet i Hordaland Mållag på Voss 11. og 12.mars var Knut O. Dale utending. Solveig Grønlien møtte som nestleiar i Hordaland Mållag.

På Bergenskonferansen 25. og 26. mars møtte Knut O. Dale og Solveig Grønlien. Også der var ho utending for Hordaland Mållag.

På haustkonferansen til Noregs Mållag 22. og 23. september i Trondheim var Knut O. Dale utending. Solveig Grønlien var og med på denne tilskipinga som utending frå Hordaland Mållag.

På mållagsmøtet på Hamar 30. september møtte Knut O. Dale. På programmet stod m.a. norskfaget.

I gravferda til Torolv Hesthamar 15.03.17 deltok Knut O. Dale og i gravferda til Arne Tokheim 02.06.17 deltok Harry Solberg. I ein SMS skriv Marit Tokheim, dotter hans: «Harry heldt ein fin tale for far på Bokkotunet. ... Mållaget og dei som dreiv det i Odda, sette far høgt.» Arne Tokheim fekk i 2011 Målprisen for 2010 m.a. for mange og velskrivne artiklar i Odda i manns minne.. Odda Mållag sende høvesvis krans og bårbukett til gravferdene.

Heidersmedlem i Noregs Mållag:

I brev til styret i Noregs Mållag gjorde styret i Odda Mållag framlegg om at Harry Solberg skulle verta heidersmedlem i Noregs Mållag. Grunngevinga lydde slik:

Harry Solberg er ein av nytenkjarane, drivkreftene og ein av dei trugne og trottige slitarane i målrørsla i den siste femtiårsperioden. Solberg er kjenneteikna ved å vera ei oppkome av gode idear, ved å ha stor arbeidskapasitet, ved å ha eit sterkt pågangsmot og ved å ha ei sikker evne til å motivera andre i mållagsarbeidet. I den lange perioden Harry Solberg har vore med i mållagsarbeidet i Odda, har nynorsk vorte målforma til fleirtalet av elevane i Odda-skulen - etter at bokmålet hadde dominert i dei føregåande femti åra. På sin overtydande og ueigennyttig måte har Harry Solberg lagt ned eit arbeid få andre kan visa til innanfor Noregs Mållag. Det er slike folk som fører målarbeidet frametter.

Sidan 1967, med eitt avbrot på fem-seks år medan han var busett i Kinsarvik i fyrste del av 70-talet, har Harry Solberg vore med i styret til Odda Mållag. Han er såleis framleis aktiv med i styrearbeidet. I tre bolkar har han òg vore leiar i laget, frå 1976 til 1981, frå 1983 til 1988 og frå 2002 til 2011. Harry Solberg vart heiderlagsmedlem i Odda Mållag i 2002 og fekk Målprisen i 1996.

Harry Solberg har vore drivkrafta attom utgjevinga av det lokalhistoriske skriftet **Odda i manns minne**, som i haust kom ut med nummer 26. Kvart nummer av skriftet har eit opplag på 1100-1300 eksemplar og er stort sett på 160 – 170 sider. Odda i manns minne har vore eit tiltak som har fremja nynorsken og nynorsken si sak i industrisamfunnet Odda. Dette har medverka til at Odda kommune frå 01.01.2020 vert ein del av ein nynorsk storkommune kring Folgefonna. Namnet på den nye kommunen vert Ullensvang kommune med Odda som administrasjonsstad. Vedtaket om å ha nynorsk som administrasjonsmål, vart gjort utan noka form for protest frå innbyggjarar eller politikarar i Odda.

Solberg er ikkje berre motoren i arbeidet, men og leiar for skriftstyret og den som leverer flest artiklar, han organiserer også salet. Noko som m.a. inneber at han set opp dugnadslister for sal (berre i år er over 40 personar involverte i salet), leverer det som skal seljast og hentar det som er att når salsdagen er omme. Odda i manns minne kan og tingast på

Odda Mållag

nettstaden til Odda Mållag, og det er Harry Solberg som syter for å pakka og senda bøkene. I dette arbeidet og i anna mållagsarbeid, har han heile tida hatt ei solid hjelp frå og støtte i kona si, Turid Asting Solberg.

Inntektene frå salet av Odda i manns minne har sikra Odda Mållag ein sær s romsleg og god økonomi frå siste del av 70-talet. Odda Mållag har òg gjeve ut fleire bøker, m.a. «Oddingar har skrive», som Harry Solberg tok initiativ til og redigerte i 2006. Vidare har Odda Mållag og kunna gi ut « Vandring i gammal og ny tid» som er det kulturhistoriske «standardverket» for Odda kommune, inkludert Røldal, basert på alle gate-, veg- og gardsnamn i kommunen. Boka vart førd i pennen av Norvald Vethe, men det var ein solid eigenkapital som gjorde det mogeleg å gjeva ut boka.

Vi kan òg ta med at Harry Solberg var krumtappen i nemnda som førebudde og gjennomførde landsmøtet i Noregs Mållag i Odda i 1987. Dessutan har han tallause gonger vore engasjert utsending til landsmøta i Noregs Mållag.

Harry Solberg har arbeidd i skulen fleire stader, men lengst i Odda kommune. Samla tenestetid er 43 år. I to år var han rektor ved ein ungdomsskule i Gjøvik, og i fleire år var han rådgjevar og konsulent ved skulekontoret i Odda. Frå 1979 og til han pensjonerte seg i 2002, var han rektor ved Tyssedal barneskole.

Harry Solberg har heile livet drive med og har hatt ei brei interesse for idrett. Han har òg hatt mange tillitsverv i Odda Idrettslag og er heiderlagsmedlem i idrettslaget. Frå 2012 har Harry Solberg vore engasjert i arbeidet med å få til eit idrettsmuseum i Odda. I denne samanheng har han vore med og laga ei utstilling. Solberg tok initiativ til at all tekst skulle vera på nynorsk.

I 2002 fekk Harry Solberg Odda kommune sin kulturpris.

Ein gong tala Harry Solberg om «den sosiale lette» - m.a.o. det lyftet me opplever av å koma saman. Det har vore ei stor glede å samarbeida med Harry. I alle si gjerd og ferd er han omgjengeleg, men alltid målretta. Tallause er dei kulturkveldar og samkomer som er borne fram av Harry.

Med bakgrunn i det som er gjort greie for ovanfor, gjer Odda Mållag framlegg om at Harry Solberg vert heidersmedlem i Noregs Mållag.

Odda 11.12.17

Beste helsing
for styret i Odda Mållag
Knut O. Dale

Styret i Noregs Mållag avviste framlegget med denne grunngevinga, førd i pennen av leiaren Magne Aasbrenn:

Til vitende så har styret handsama spørsmålet om heidersmedlemskap på siste møte, og det var semje om at heidersmedlemmer i Noregs Mållag bør ha bak seg ein innsats som har femna nasjonalt.

Harry Solberg har heilt tydeleg gjort ein svært solid innsats for Mållaget lokalt, og vore viktig for å styrkje nynorsken i Odda, så dette må ikkje sjåast på som noka som helst nedvurdering av det han har gjort, som er svært imponerande.

"Problemet" (det er eigentleg det motsette av eit problem!) er at vi frå landsende til landsende har svært mange svært viktige og arbeidsvillige lokallagsfolk, og det blir veldig vanskeleg for styret å skilje mellom dei. Derfor er det godt å ha eit "nasjonalt" kriterium.

På møtet blei fire personar vurderte for heidersmedlemskap, og vi enda opp med to som vi trur alle på landsmøtet vil vere samde i har gjort ein landsfemnande innsats av heilt spesiell kaliber.

Til slutt takk for framlegget og takk for at Odda Mållag stadig viser initiativ.

Magne Aasbrenn
Leiar i Noregs Mållag

Nynorskprosenten i Odda-skulane:

Denne er på 64 %. Framfor innskrivinga hausten 2017 hadde Odda Mållag to tydelege lysingar i Hardanger Folkeblad.

Heimeside:

<http://odda-mallag.no/>

Håkon Tverdal legg ut oppslag på sida.

I Norsk Tidend nr.2 2017 hadde Odda Mållag ei lysing. Lysinga hadde denne ordlyden:

På heimesida vår odda-mallag.no kan du m.a. lesa om arbeidet for Oddamodellen, nynorsk for innvandrarak og sidemålsstilen.

Økonomi:

Inntektene til Odda Mållag var i 2017 246 421,60 kr og utgiftene var 265 021,11 kr. Økonomien til laget er god.

Etterord:

«Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som offisielt, jamstelt og allment skriftspråk i Noreg.» Me trur det er altfor mykjesant i ein slik påstand. Difor er det òg sær s viktig at Noregs Mållag uttrykkjer seg klart og tydeleg i sidemåls saka. Landsmøtevedtaka i 2011 og 2012 var katastrofale, og det same var brevet som leiinga i Noregs Mållag sende til dei politiske partia i 2016.

På møtet framfor stortingsvalet i Bergen 22. august 2017 sa nestleiaren i Venstre, Terje Breivik, at partiet hans støtta kravet om to jamstelte og likeverdige eksamensstilar, slik som Noregs Mållag har kravt på landsmøta sine i 2013, 2014 og 2016. Vidare sa Breivik at Venstre støttar kravet om språkdelte ungdomsskular og kravet om at lærebøker og læremiddel for innvandrarak skal liggja føre samstundes på nynorsk og bokmål.

Elles ser det ut til at departementet medvite dreg ut saka om språkdelte ungdomsskular. Å bruka meir enn eitt år på ei slik utgreiing vitnar om uvilje hjå leiande politikarak og byråkratar.

Odda i manns minne kom ut for 26. gong i 2017. Odda Mållag er sær takksame for den innsatsen og det arbeidet som skriftstyret og Harry Solberg gjer.

Odda 22.01.18

Styret i Odda Mållag **Odda Mållag**

Innkalling til årsmøtet i 2018

Møtestad: Ungdomshallen

Tidspunkt: Sundag 25.02.17 kl. 18.00.

Sakliste:

- 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.
 - 2: Val av ordstyrar, referent og to protokollunderskrivarar.
 - 3: Godkjenning av årsmelding.
 - 4: Godkjenning av rekneskapen.
- Rekneskapen med revisjonsmelding vert lagd fram i møtet.
- 5: Val av styre.
 - 6: Val av valnemnd.

7: Val av revisor.

8: Vedtak om tildeling av Målprisen 2017.

9: Det nye arbeidsprogrammet til Noregs Mållag.

Styret

Odda 12.02.18

Styret i Odda Mållag Odda Mållag

Odda 12.02.18

Spørsmål om e-postadresse og telefonnummer/mobiltelefonnummer

På medlemslista vår står mange medlemar oppførde med e-postadresse og telefonnummer.

Styret meiner det vil vera nyttig om me fekk e-postadressa og telefonnummeret til fleire medlemar.

Då kunne me senda ut informasjon til dykk om tilskipingar m.m.

Men de skal ikkje verta nedleste med brev eller meldingar.

Og NB:

Det er heilt frivillig å svara på denne førespurnaden.

Og NB:

Dei andre i mållagsgruppa vil ikkje få vita telefonnummet elle e-postadressa dykkar.

Med beste helsing

Styret i Odda Mållag

Returslipp:

Namn:

E-postadresse:

Mobiltelefonnummer:

Telefonnummer:

OM

Årsmelding 2017

side 10

